



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Møtereferat Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde

Møte	Ekstraordinært møte ved. innspel handlingsplanar
Møtenummer	Møte nr. 3/2022
Dato	Onsdag 15. juni- 2022
Tidspunkt	Kl. 14.30 - 1500
Møteleiar	Mona Ryste (nestleiar)
Referent	Sissel Ørstavik Aase
Stad	Teams

Organisasjon	Navn og stilling	Funksjon	Møtt
Helse Møre og Romsdal	Mona Ryste, Rådgivar Klinikk Volda sjukehus	Representant og nestleiar LSU	X
Helse Møre og Romsdal	Palma Hånes Klinikkssjef Klinikk Volda sjukehus	Representant	
Helse Møre og Romsdal	Anita Myklebust Nybø Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab.	Representant	
Helse Møre og Romsdal	Kari Standal Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus	Representant	
Helse Møre og Romsdal	Hallgrim Myklebust Seksjonsleiar DPS	Representant	
Hareid kommune	Monica Svoren Kommunalsjef	Representant	(X)
Herøy kommune	Renathe Rossi-Kaldhol, Kommunalsjef	Representant	
Sande kommune	Bård Dalen Helse og omsorgssjef	Representant	
Ulstein kommune	Marit Botnen Kommunalsjef	Representant	X
Vanylven kommune	Cecilie L. Oppedal Kommunalsjef	Representant	
Volda kommune	Svein Berg-Rusten Kommunalsjef	Representant	
Ørsta kommune	Kristin Vik Seksjonsleiar helse og velferd	Representant og leiar LSU	
Fastlege/Praksis- konsulentordninga	Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Praksiskonsulent (HMR)	Representant	X
Fastlege/Praksis- konsulentordninga vara	Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR)	Vararepresentant	-
Brukarrepresentant kommune	Eilin Reinaas Norges Handikapforbund (NHF)	Representant	
Brukarrepresentant HMR	Janne Remøy Endresen (SAFO/NFU)	Representant	X
Brukarrepresentant kommune vara	Solveig Vatne (NRF)	Vararepresentant	-
Brukarrepresentant HMR vara	Asle John Giske (FFO)	Vararepresentant	-
Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre	Oddvar Marøy Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre	Sekretariat	X
Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR)	Sissel Ørstavik Aase Rådgivar seksjon for samhandling i HMR	Sekretariat	X

Sak nr.	Emne Oppsummering internt LSU Volda i etterkant av felles innspelsmøte vedrørende handlingsplanar for faglige samarbeidsutval.	Ansvarlig
22/ 22	<p>Handlingsplan for vakserehabilitering og handlingsplan for helsefremmande og førebyggjande helsearbeid</p> <p>Det var relativt få tilstades under internt innspelsmøte. Målet med dette møte var å sikre innspel frå LSU Volda, einigheit rundt vidare arbeidsavklaring og vidare prosess for endelege innspel frå LSU Volda.</p> <p>Vedtak: Frist 17. august med å kome med innspel frå eigne kommunar og organisasjonar. Minner igjen om å etterspørje dette og kome med skriftlege tilbakemeldingar tilbake til sekretariatet.</p> <p>Praksiskonsulent Stian Endresen vert konkret utfordra til å kome med skriftleg innspel vedrørende helsefremmande/førebyggjande arbeid, basert på uttale i felles innspelsmøte. Sissel Ø. Aase kontaktar han.</p> <p>Vidare prosess: Sekretariatet ved Sissel Ø. Aase lagar eit utkast basert på det ein har kome av innspel frå LSU Volda under dette innspelsmøte (sjå utkast under) samt skriftlege innspel tilsendt til og med 17. august. Leiargruppa/sekretariat i LSU Volda bearbeider utkastet i arbeidsmøte 18. august og sender utkastet til alle medlemar i LSU Volda for innspel før endeleg innspel/høyringsuttale sendast til faglige samarbeidsutvala. Endeleg frist for kommentarar/tilbakemeldingar på høyringsuttalen vert altså 25/8.</p> <p>Desse to planane skal opp for endeleg godkjenning i SSU 14. september.</p>	<p>Alle</p> <p>Stian E/ Sissel Ø. Aa.</p> <p>Alle</p>

Foreløpige innspel som kom i oppsummeringsmøte, felles for begge planar:

- Ønskeleg med tydelegare konkretisering om kva ein ønsker å oppnå og ansvarsfordeling, særleg med tanke på målformulering. Tydelegare og betre måleparameter; mål som faktisk kan målast – dette gjeld i begge planane.
- Ein saknar tydeleggjering av kronikarar i begge planar, korleis integrere desse gruppene i planane jf. at dette er satsingsområde i Helsefelleskapa.
- Kompetanse/kunnskap hjå helsepersonell er viktig, men saknar tydeleggjering korleis dette gir eit resultat retta mot innbygarane.

Plan for vaksenhabilitering:

- Mangel på fagkompetanse (vernepleiar/sjukepleiarar). LSU Volda støttar desentralisering av spl/vernepleie og skal sende brev til utdanningsinstitusjonene om desentralisert spl og vernepleieutdanning, ein bør presisere tiltak knytt til dette i planen.
- Ein støttar opp om man bør kunne få likeverdige tenester i heile fylket, basert på modellen frå Vestnes.
- Pårørandefokus viktig: Pasientane vert ofte sittande i gråsona mellom kommune og helseføretak og det er pårørande som må ta ansvaret. Pårørande må ivareta og tydeleg informasjon/oppfølging trengs, gjerne konkretisere mål i handlingsplanen.

- Samarbeid vedrørende integrering/rausare samfunn, at personar kan få meistre, at ein ser på moglegheiter og ressursar ved den enkelte i staden for begrensingar innan vaksenhabiliteringa. Samarbeid med NAV, spesialbedrifter som td. Furene og deira rolle kan tydeleggjerast, samt integrering i ordinært arbeid.

Plan for helsefremmande/førebyggande arbeid:

- LSU Volda er positive til at pårørande er tatt med som ein viktig ressurs/eit mål i planen.
- Folkehelsekoordinator – ynskeleg med målsetting om at man bør ha folkehelsekoordinator i kvar kommune. Ein kan ikkje pålegge kommunar dette, men alle kommunar har øyremerka folkehelseressurs/funksjon, dette kan vere alt frå helsesjukepleiar, kommuneoverlege eller td. person i ei planavdeling. Viktig at ein må vite om kven som er ressursperson innanfor feltet i kvar enkelt kommune og nytte dette inn i planen/ legge til rette for samarbeid, gjerne meir konkretisert jf. mål/tiltak.
- Felles fagdag innanfor tema helsefremmande/førebyggande arbeid. Dette fins i ulike former ulike stadar i fylket. Er dette noko som kan samlast, vidareformidlast.